

Ullensvang  
kommune

# Temaplan for kultur

2023-2027



Foto: Helga Opedal

Kraftfulle kontrastar - sterke fellesskap



<b>Føreord</b>	<b>2</b>
<b>Samandrag</b>	<b>3</b>
<b>1.0 Formål og avgrensing</b>	<b>5</b>
1.1 Kvifor kulturplan?	5
1.2 Kva er kultur?	6
1.3 Kultur som samfunnsbyggjande kraft	6
<b>2.0 Forankring og kunnskapsgrunnlag</b>	<b>7</b>
2.1 Særs aktuelle hovudmål frå Kommuneplanens samfunnsdel	7
2.2 Nasjonale hovudmål	7
2.3 Planprosess og medverknad	8
<b>3.0 Visjon, fokusområde og overordna premiss</b>	<b>9</b>
3.1 Visjon	9
3.2 Fokusområde for planen	9
3.3 Overordna premiss som gjeld all kommunal kultursatsing	10
<b>4.0 Deltaking og inkludering</b>	<b>11</b>
4.1 Innleiing	11
<b>4.2 Status</b>	<b>11</b>
4.3 Hovudmål deltaking og inkludering	12
<b>5.0 Møteplassar og kulturarenaer</b>	<b>14</b>
5.1 Innleiing	14
5.2 Status	15
5.3 Hovudmål møteplassar og kulturarenaer	16
<b>6.0 Kulturarv og tradisjon</b>	<b>18</b>
6.1 Innleiing	18
6.2 Status	19
6.3 Hovudmål Kulturarv og tradisjon	20
<b>7.0 Den kulturelle grunnmuren</b>	<b>23</b>
7.1 Innleiing	23
<b>7.2 Ullensvang kulturskule</b>	<b>23</b>
7.21 Status	24
7.22 Hovudmål kulturskulen	25
7.3 Ullensvang bibliotek	26
7.31 Innleiing	26
7.32 Status	26
7.33 Hovudmålsetjing Ullensvang bibliotek	27
<b>8.0 Fyrtårnsatsing, kunstproduksjon og verdiskaping</b>	<b>29</b>
8.1 Innleiing	29
8.2 Status	30
8.3 Fyrtårnsatsing	30
8.41 Innleiing	31
8.42 Status	32
8.5 Hovudmål fyrtårnsatsing og kulturell verdiskaping	32
<b>9.0 Kunstfeltet</b>	<b>34</b>
9.1 Innleiing	34
9.2 Status	35
9.21 Den profesjonelle kunsten	35
9.22 Amatørkunsten	36



## Føreord

### Kulturkommunen Ullensvang: Kraftfulle kontrastar - sterke fellesskap

Ullensvang kommune representerer eit kultursentrum sett med historiske og nasjonale auge. Det har budd folk i kommunen vår i fleire tusen år, og me har rik kulturarv over eit breitt spekter frå jernalder, via middelalder til den industrielle revolusjonen. Frå tekniske, industrielle installasjonar til immaterielle kulturverdiar som bunad og hardingfele. Hardanger representerer nasjonalreising og nasjonalromantikk, men også innovasjon og nytenking.

Historie og røter dannar forankringa og identitet, men verda er i stadig rørsle, endring og utvikling. Me treng både røter og føter, og blick for historie, notid og framtid.

Kultur er noko me er, noko me har og noko me gjer, og Ullensvang er rik på både tydelege identitetar og tradisjonar, på kulturaktivitetar i by, bygder og grender, på kulturinstitusjonar og på markante kulturarrangement og festivalar.

Då Odda, Ullensvang og Jondal gjekk saman i ekteskap, kom me til gards med eigne flyttelass, med eigne tradisjonar og normer, men òg med mykje fellesskap og felles verdiar. I prosessen med å slå saman dei tre kommunane, har det vore sterkt vekta at me skal ta vare på individuelle særpreg og at me skal ha levande bygder og grender i heile kommunen. Det betyr ikkje minst at me skal ha desentraliserte tilbod innan kultur og idrett, og anlegg og kulturarenaer som kan skapa inkluderande og attraktive møteplassar, kulturdeltaking og kulturoppleving for alle.

#### Verdigrunnlaget for temaplanen er:

- Kulturen sin eigenverdi
- Berekraft, både sosial, økonomisk og miljømessig
- Inkludering og mangfald
- Tradisjonar og identitet
- Kultur og aktivitetar for barn og unge
- Verdiskaping og innovasjon



## Samandrag

I Ullensvang kommune skal me fremma kulturelle særpreg, kontrastar og ulike identitetar, men òg arbeida for sterke fellesskap, inkludering og deltaking.

**I perioden fram til 2027 vil me særleg arbeida med desse fokusområda:**

- Deltaking og inkludering
- Møteplassar og kulturarenaer
- Den kulturelle grunnmuren
- Kulturarv og tradisjon
- Fyrtårnsatsing og verdiskaping



*Ein midtsommarnattsdraum med dramagruppa i kulturskulen i Jondal.*

**Foto: Hardanger Folkeblad**

**Me skal gjennomføra desse oppgåvene:**

- Få på plass relevante møteplassar for ungdom i kommunal regi, og/ eller ved samarbeid med frivillige, i heile kommunen
- Innføra gratis kulturskule for barn 8-10 år
- Implementera prosjektet Framtidas kulturskule
- Fremma og styrka informasjonsflyt om kultur på ulike plattformer
- Jobba for betre kollektivtilbod/transport, særleg på kveldstid
- Målretta tilskot til tiltak, organisasjonar og arrangement med vekt på inkludering, mangfald og berekraft
- Kartlegga kva grad kommunen sørger for universell tilrettelegging innan kultur og idrett
- Vidareutvikla frivilligsentralane
- Gjennomføra årleg kulturcamp for ungdom
- Styrka DKS og DKSS som viktig verkemiddel til kulturoppleving og fellesskap
- Innføra overgangskoffert/utvida Nøringen for barnehage/skule
- Gjennomføra planlagt heisprosjekt i Odda kino/kulturscene
- Følgja opp gjeldande samarbeidsavtale mellom Ullensvang kommune og Kraftmuseet ang. Lindehuset.
- Prioritera opningstid og møteplassfunksjon på alle bibliotek
- Styrka biblioteka som kulturarena og arrangør
- Innføra meirope bibliotek i Jondal
- Vidareføra satsinga på Odda som litteraturby med Litteratursymposiet, biblioteket og nært samarbeid med Sentralbadet litteraturhus
- Vidareføra satsinga på Hardanger Musikkfest
- Vidareføra Knud Knudsen-prosjektet i nært samarbeid med Kraftmuseet
- Vera velvillig samarbeidspart inn mot ulike arrangører, festivaler, og kreative næringer som filmproduksjon, profesjonell kunst
- Vera open og aktiv samarbeidspart i interkommunale og regionale prosjekt.
- Oppmoda til fleirbruksfunksjon i aktivitetsparkar, idrettshallar og grendehus
- Utvikla dagsturhyttene som turmål, kulturarena og møteplass
- Gjennomgang av driftstilskot museum
- Løfta fram mellomalderhistorien med Agatunet, Røldal Stavkyrkje og Kinsarvik kyrkje
- Utarbeida kulturmiljøplan for kommunen
- Gjennomføra faste samarbeidsmøter med musea
- Jobba for desentralisert distriktsmusikar-ordning med vekt på folkemusikk
- Jobba med vidare forvaltning og utvikling av bydelen Smelteverket i nært samarbeid med Riksantikvar, Fylkeskonservator og næringsinteresser
- Støtta aktivt opp om etableringa av Stiftinga Røldal Kultur- og pilegrimsgard og arbeidet rundt pilegrimstradisjonen
- Rullera plan for Viketunet og Røldal bygdemuseum
- Ta i bruk Norsk kunstdatabase til registrering av visuell kunst, skulptur og kulturminne
- Setje av 0,4% av investeringsmidlar ved nybygg til kunstnarleg utsmykking
- Ullensvang kommune skal syta for vedlikehald og reparasjon av kunst i offentleg eige





## 1.0 Formål og avgrensing



*Bikubegang har vore den gjævaste programposten under Litteratursymposiet gjennom alle år. Her er det berre å henga med! **Foto: Litteratursymposiet***

Temaplan for kultur skal gje mål og retning for arbeidet innan sektoren dei neste fire åra. Planen skal konkretisera aktuelle mål frå kommuneplanens samfunnsdel og visa korleis grunntanken om FN sine berekraftsmål også legg føringar for arbeid innan kultursektoren. Temaplanen er bindeledd mellom Kommuneplanens samfunnsdel og Økonomiplanen og skal visa konkret prioritering av tiltak i perioden. Planen vert også overordna fagplanar for t.d. bibliotek og kulturskule.

Temaplan for kultur vil stå i nær samanheng med Temaplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, Frivillig- og samspelstrategi, Kulturminneplan, og Leve heile livet-plan.

### 1.1 Kvifor kulturplan?

**Sentrale spørsmål er kor er me, kor skal me, og korleis skal me best koma dit?**

Temaplan for kultur har som ambisjon å gje eit tydeleg bilete av no-situasjonen i kommunen, peika på styrkar, veikskapar og utfordringar, og gje tydelege mål og prioriteringar for arbeidet framover innan fagfeltet planen skal dekkja.



## 1.2 Kva er kultur?

Omgrepet kultur er ei fellesnemning for kunst, ålmann kultur, kulturformidling, idrett og friluftsliv, frivillig arbeid, kulturmiljø og kulturarv, arkiv og kulturhistorie, den kulturelle grunnmuren i lokalsamfunnet, organisasjonsliv, kulturskular, møteplassar, bibliotek og kulturhus, anlegg for fysisk aktivitet, kulturelle og kreativ næring og opplevingsøkonomi m.m. Det utvida kulturomgrepet har vore brukt sidan 1970-talet, og sjølv om det kan framstå noko uklart, kan ein seia at eit grunntrekk er å leggja vekt på eit utvida register i kva som gjev kvalitet for folk og samfunn. Særleg er verdien av skapande eigenaktivitet i alle skiftande former understreka.

## 1.3 Kultur som samfunnsbyggjande kraft

Kultur kan hjelpe oss til å forstå og utfordra oss sjølve og samfunnet me lever i. Dette har ein eigenverdi og er avgjerande i utviklinga av enkeltmenneske, grupper og samfunn. Kultur er del av identiteten vår, men bidreg samstundes til å utvikla og utfordra den. Kultur kan utvida fellesskapet og skapa større mangfald.



## 2.0 Forankring og kunnskapsgrunnlag



*Agatunet er eit historisk maktsentrum med unik middelalderhistorie, og her foregår framleis ridderkamp mellom husa. Foto: Hardanger Folkemuseum*

Ullensvang kommune har vedteke ein overordna samfunnsplan med mål, strategiar og tiltak. Temaplan for kultur vil konkretisera intensjonane i planen, men også foreslå mål til tiltak som me ikkje finn i planen, ettersom Kommuneplanens samfunnsdel har sine spesifikke hovudfokus.

### 2.1 Særs aktuelle hovudmål frå Kommuneplanens samfunnsdel

#### I Ullensvang 2020-2024:

- Er berekraft grunnleggjande
- Er kommunen ein aktiv tilretteleggjar
- Er LKR-senter attraktive stader å bu, leva og arbeida for alle
- Har me levande bygder og sterke sentrum i utvikling
- Er friluftsliv, mat og kultur verdskjend
- Har me trygge rammer for oppvekst
- Er kultur og idrett inkluderande
- Har me akseptabel infrastruktur

### 2.2 Nasjonale hovudmål

Nasjonale hovudmål for kultur finn me formulert i Kulturlova frå 2013







*I følge Kulturlova skal kommunane legge til rette for eit breitt spekter av kulturtilbod og syta for organisatoriske og økonomiske rårer. Lova inneber at kommunane har eit sjølvstendig ansvar for å ha ein kommunal kulturpolitikk. Samstundes er handlingsrommet til kommunane avhengig av rammene dei andre forvaltningsnivå definerer, både når det gjeld økonomi og kompetanse. Statlege og fylkeskommunale planar og løyvingar legg premiss for lokal kulturpolitikk*

- Meld.St.8 *Kulturens kraft, kulturpolitikk frå framtida*
- Meld.St.18 *Oppleve, skape, dele*
- Meld St. 23 *Tillit, ting, tid*
- Meld St. 15 *Leve heile livet*

Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit i Vestland fylke, "Kultur bygger samfunn" vil også vera eit viktig dokument for å forankra vår verksemd. Planen er under arbeid.

## 2.3 Planprosess og medverknad

### Organisering av planarbeidet:

Politisk ansvar:	Utval for kultur og levekår
Prosjektansvar:	Kristian Bondhus-Jensen, kommunalsjef KNS
Prosjektleder:	Else Marie Sandal, kultur og idrettssjef
Arbeidsgruppe:	Eldbjørg Furholt, rektor Ullensvang kulturskule Yngvild Marie Wiese, biblioteksjef Elin Myran, leiar Frivilligsentralen Ingvild Ystanes, festivalleder Litteratursymposiet Wermund Vetrhus, samfunnsplanleggjar

### Medverknad

- [Det er gjennomført brukarundersøking om kultur i kommunen. sjå samandrag](#)
- Det er gjennomført innspelsmøter med ressursgrupper til fokusområda, i alt 6 møte
- Det er gjeve løypemelding til Utval for kultur og levekår
- Det er gjennomført kulturplan-workshop med inviterte deltakarar
- Ungdomsråd, Eldreråd, Råd for personar med nedsett funksjonsevne og Vestland fylkeskommune er høyringsinstans

### Evaluering

Det skal gjennomførast orientering og løypemelding til Utval for kultur og levekår kvart år.





### 3.0 Visjon, fokusområde og overordna premiss



*Tysso Pride ble arrangert for fyrste gong i 2020. I Ullensvang skal alle kjenna seg heime og inkludert, uavhengig av kjønnsidentitet og seksuell legning. Foto: Kraftmuseet*

#### 3.1 Visjon

Visjonen for kultur i Ullensvang kommune er  
**Kraftfulle kontraster-sterke fellesskap**

Med dette viser me til rikdomen og mangfaldet som kommunen kan visa til både i landskap og kulturlandskap, folk, tradisjon, kulturuttrykk og kulturinstitusjonar. Og me viser også til at det er sterke fellesnemnarar mellom oss og at me vil byggja og styrka fellesskapet, både fellesskapet i kommunen og dei mange fellesskapa i bygder og grender.

#### 3.2 Fokusområde for planen

Fokusområda viser til kva planen set seg mål om å svara ut. Her har me stilt oss spørsmål om kva område som peikar seg særskilt ut som viktige i åra som kjem, både med utgangspunkt i utviklingstrekk og trendar i tida, men òg med forankring i mål frå kommuneplanens samfunnsdel. Me vel å setja særleg fokus på:

- **Deltaking og inkludering**
- **Møteplassar og kulturarenaer**
- **Den kulturelle grunnmuren**
- **Kulturarv og tradisjon**
- **Fyrtårnsatsing og verdiskaping**



### 3.3 Overordna premiss som gjeld all kommunal kultursatsing

Alle organisasjonar/tiltak/arrangement som får tilskot frå Ullensvang kommune skal kunne visa til at tiltaket/aktiviteten er inkluderande og fremmar mangfald og berekraft.

#### **Kva betyr dette?**

Ullensvang kommune ynskjer å oppmuntra og oppmoda frivillige lag og organisasjonar, kulturinstitusjonar og kulturaktørar til å ta på alvor det ansvaret me alle har for å vera eit inkluderande og mangfaldig samfunn der også berekraft skal vurderast i alle samanhengar.

Det betyr at det vert stilt krav om utsjekk på punkt som kan gjelda:

- Variert og inkluderande informasjonsformidling
- Transporttilbod dersom mogleg
- Universell tilrettelegging der dette er mogleg
- Rekrutteringstiltak inn mot våre nye landsmenn
- Fadderordningar
- Gratistiltak
- Desentralisert profil
- Berekraft, natur og miljømessig, sosial og økonomisk

Dette vil ikkje seia at alle arrangement og tiltak må kryssa av på alle punkt, men me ynskjer at alle skal ha ein gjennomtenkt politikk.



*16.mai fest i Kinsarvik for ungdom frå heile Ullensvang kommune. Her får alle vera med!*

**Foto: Hardanger Folkeblad**



## 4.0 Deltaking og inkludering



Skulekonsert for Odda ungdomsskole. Mangfald, fellesskap, samhald og identitet.

Foto:Hardanger Folkeblad

### 4.1 Innleiing

Det er uttala nasjonalt mål at flest mogleg skal vera inkludert og kunne delta i samfunnet, både i demokratiske prosessar og i kultur og organisasjonsliv.

*Tilgang til kultur og høve til å uttrykke seg kreativt er viktig i eit demokratisk samfunn og legg grunnlag for yringsfridom og likeverd. Deltaking i kulturlivet har positive verknader både for den einskilde og for samfunnet. Kunst og kultur gir opplevingar og mening i kvardagen, og legg grunnlag for utvikling og læring. Ved sida av arbeidsliv og skule er kulturlivet blant dei arenaene som bidreg mest til utvikling av skaparevne og kompetanse.  
( Meld.St.10.2011-2012)*

Frivilligheit er ein viktig del av den norske og skandinaviske velferdsmodellen, og fremmar demokrati, medborgarskap og sosial berekraft.

### 4.2 Status

I Ullensvang kommune er det registrert over 300 frivillige organisasjonar, mange med fleire avdelingar. I skrivande stund feirar me Frivilligåret 2022, med ekstra merksemd retta mot dei frivillige organisasjonane, deltaking og fellesskap. Dette er nok ikkje tilfeldig, med



kunnskap om at mange frivillige organisasjonar slit med medlemsflukt og synkende aktivitet. Men dette syner ikkje heile biletet. Dugnadsånda og frivilligheta er utan tvil sterkt tilstades i kommunen vår, og gjerne i nye former og etter nye modellar. Ullensvang kommune er framleis ein kommune i støypeskeia, der felles organisering og struktur skal på plass. Mange oppgåver har vore løyst ulikt i dei "gamle" kommunane. Men frivilligheta har vore og er sterk, noko som kulturindeksen i regi av Telemarksforskning viser. Denne planen vil ikkje handsama frivilligheit i djupna, ettersom det skal utarbeidast ein eigen frivilligstrategi. Men tematikken rundt deltaking innan både tradisjonell og ny frivilligheit, og deltaking i frivillige organisasjonar som aktive utøvarar, er teke opp og diskutert i arbeidsgrupper, og etterspurt i brukarundersøking. Synspunkt og tilrådingar som kom fram, er teke omsyn til i framlegg til strategier og tiltak.

### 4.3 Hovudmål deltaking og inkludering

- I Ullensvang kommune skal alle innbyggjarane ha moglegheit til å vera deltakar og kjenna seg inkludert i kulturlivet og frivilligheita
- Ullensvang kommune skal leggja til rette for ein aktiv og berekraftig frivillig sektor

Strategiar	Tiltak	Berekraft små	Oppstart	Ansvar
Syta for god og differensiert informasjonsflyt	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Aktivitetsportal</li> <li>• Foreiningsportal</li> <li>• Kva skjer i kultur Ullensvang</li> <li>• Annonsering i aviser</li> </ul>	Sosial/ økonomisk berekraft	2023, pågåande	Frivilligsentral Ullensvang kommune
Fremma kollektivtilbod/ transport	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Jobba for kveldsbuss/skyss frå Odda mot alle deler av kommunen</li> </ul>	Sosial berekraft	2023	Ullensvang kommune
Syta for gode desentraliserte tilbod innan kultur og aktiviteter i heile kommunen.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Desentralisert kulturskule</li> <li>• Stimulerings-tilskot til lokale initiativ</li> <li>• Målretta utvikling av anlegg og møteplassar</li> <li>• Lågterskeltilskot til lokale initiativ</li> </ul>	Sosial berekraft	2023, pågåande	Ullensvang kommune Frivillige organisasjonar
Syta for <u>målretta</u> økonomiske støtteordningar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Stilla krav om inkludering</li> <li>• Gje rekrutterings og stimulerings-tilskot</li> <li>• Prøva ut nye aktivitets-modellar t.d. barn og vaksne i</li> </ul>	Sosial/ økonomisk berekraft	2023	Ullensvang kommune



	saman på kulturaktivitet			
Synleggjere frivillighet, kultur organisasjonar og kulturoppføringa	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Frivilligmesse der frivilligheita presenterer seg</li> <li>• Kulturinnslag på kvart kommunestyremøte</li> </ul>	Sosial/ økonomisk berekraft	2022	Ullensvang kommune Frivilligsentralen Frivillige organisasjonar
Koordinering av frivillighet	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvikla Frivilligsentralane</li> <li>• Frivilligkoordinator i Helse og omsorg</li> </ul>	Sosial/ økonomisk berekraft	2023	Ullensvang kommune Helse og omsorg
Fleire brukarar til kulturskulen	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gratis kulturskule for 8-10-åringane</li> <li>• Styrka tverrfagleg samarbeid mellom kulturskule og andre sektorar</li> </ul>	Sosial/ økonomisk berekraft	2023	Kulturskulen Oppvekst Helse og omsorg Frivilligsentralen
Fleire kultur møte, kultur deltaking og kulturoppleving for både barn/unge og eldre	<p>Styrka DKS og DKSS som sentrale verkemiddel til kulturoppleving og fellesskap for alle</p> <p>Aktivitetskort for utvald aldersgruppe</p>	Sosial berekraft	2023	Oppvekst/KNS



Feiring av Verdas aktivitetsdag for eldre i Ungdomshallen i Odda. Dans er fellesskap, glede og fysisk aktivitet. **Foto: Hardanger Folkeblad**



## 5.0 Møteplassar og kulturarenaer



*Publikum bryr seg ikkje om veret når nasjonale artistar gjestar Morellfestivalen.*

**Foto: Hardanger Folkeblad**

### 5.1 Innleiing

Folk treng folk, fellesskap fremmar trivnad, identitet og sosial berekraft. Det er blitt hevda at einsemd og utanforskap er vår største folkesykdom, noko som utan tvil òg er blitt forsterka under pandemien. Derfor treng me møteplassar der terskelen er låg for å koma og for å vera saman med andre. Dette er avgjerande for bukvalitet og fellesskap.

**Møteplassar** kan vera så mangt, eit bord og tre stolar i hjørne av bensinstasjonen eller nærbutikken, benken ved elva, eller sandvolleyballbanen på stadion. Det kan òg vera kafeen, litteraturhuset, biblioteket, grendahuset eller styrketreningsrommet. Mange møteplassar lever sitt eige liv utan offentleg innblanding, men det er òg viktig at det vert lagt til rette for at møte kan skje for alle målgrupper, både på uformell og formell basis.

**Kulturarenaer** er både møteplassar og arena for kultur og kunstproduksjon. Det er eit kommunalt ansvar at det finst og vert utvikla attraktive og relevante arenaer for varierte aktiviteter. Fylkeskommunen legg òg vekt på arenautvikling og er viktig bidragsytar i form av tilskot og ambisjonar i planverk, slik som her i *Premiss kultur 2015-2025* (det vert no arbeidd med ny kulturplan for Vestland fylke)



*Mål: 1. Hordaland skal ha god dekning av kultur- og idrettsarenaer som er tilgjengelege for alle, og som legg til rette for aktivitet og oppleving.*

*2. Kulturpolitikken skal legge til rette for tilgangen til både regionale og lokale kultur- og idrettsanlegg, kulturminne, kyrkje, kulturlandskap og aktivitetsområde for friluftsliv.*

## 5.2 Status

Ullensvang kommune er vidstrakt og mangfaldig. Kvar bygd og grend har sine hus, og det finnes tradisjonelle grendahus/ungdomshus, fleirbrukshallar, skular og gymsalar med utvida bruk, kyrkjer, bedehus og andre hus for religiøs aktivitet, og små, uformelle møteplassar knytt til nærbutikkar, kafear og bensinstasjonar

Odda er kommune- og regionsenter. Her har me kino/kulturscene/hovudbibliotek i rådhuset. Biblioteket er ein svært viktig institusjon, møteplass og kulturarena, som tradisjonelt har stått svært sterkt i kommunen. Sentralbadet litteraturhus har blitt eit viktig og høgt skatta kulturhus for heile regionen. Lindehuset er under utvikling med ambisjonar om å vera regionalt kulturhus, og Iris Scene er fullverdig musikkscene med hyppig konsertverksemd.

Musea i kommunen: Kraftmuseet og Hardanger Folkemuseum med avdelingar på Utne, Agatunet og Skredhaugen, samt dei kommunale bygdemusea, er også viktige kulturarenaer og møteplassar.

Kommunen har mange kyrkjer og bedehus som er både er viktige senter for religiøs og kontemplativt fellesskap, men òg sentrale og kjære forsamlingshus, aktivitetshus og møteplassar.

Kva er styrker og kva er utfordringar for feltet?

Det som peikar seg ut som det største behovet å løysa, er gode møteplassar til ungdom. Me har ikkje kommunal ungdomsklubb i kommunen per i dag, men har samarbeid med fleire aktørar og organisasjonar som gir dette tilbodet.

Det vil vera viktig å få ein totalgjennomgang på kva tilbod som er gagnleg for ungdom, og aller helst samarbeida med dei aktørane som vil ha potensiale for å kunne løysa oppgåva på relevante måtar i ulike delar av kommunen. Det vil òg vera viktig at biblioteket vert styrka for å kunne ta i vare den møteplassfunksjonen det er tiltenkt, og at alle avdelingane har rause opningstider slik at institusjonen er tilgjengeleg for alle.

Kulturplanen vil òg argumentera for at me må tola å spissa innsats og ressursar på kulturhusa i kommunesenteret. Det vil gagna alle. Odda kino og kulturscene må få universiell tilkomst og heis til scene for bli eit fullgodt kulturhus, og Lindehuset må utviklast i samarbeid med fylket og staten.

At alle bygder har sine eigne kulturhus, er av stor verdi, men kan òg vera utfordrande ressursmessig. Me må gjera det me kan for at desse husa kan bli brukte, som møteplassar, øvingslokale og samlingspunkt i lokalsamfunna.





### 5.3 Hovudmål møteplassar og kulturarenaer

I Ullensvang kommune skal det vera kulturarenaer og møteplassar som er attraktive, inkluderande og relevante for alle aldersgrupper.

Strategi	Tiltak	Berekriftsmål	Oppstart	Ansvar
Ungdom skal oppleve å ha møteplassar som er relevante og attraktive for dei	Få på plass fysiske møteplassar i kommunal eller frivillig regi i heile kommunen  Tilsetja ungdomslos	Sosial berekraft	2023-2024	Ullensvang kommune/ frivillige organisasjonar  Oppvekst
Gjera Odda kino/kulturscene meir attraktiv og inkluderande	Heis til scene/sal  Komplett lydanlegg  Vurdera differensierte leigeprisar for frivillige organisasjonar	Sosial berekraft  Økonomisk berekraft	2023	Ullensvang kommune
Utnytta kapasiteten til eksisterande aktørar og arenaer til felles beste	Inngå samarbeidsavtalar med eksisterande kulturarenaer om ulike oppgåver, t..d ungdomsklubb, gamingområde..	Økonomisk berekraft  Sosial berekraft  Miljømessig berekraft	2023	Ullensvang kommune/ private aktørar/frivillige org.
Det skal vera <u>prioriterte</u> kulturarenaer og møteplassar i alle bygder	Tilskotsordning til ikkje-kommunale kulturhus/anlegg skal vidareførast	Sosial berekraft  Økonomisk berekraft	2023	Ullensvang kommune
Ved utvikling av nye aktivitetsanlegg, skal fleirbruk/kombinasjonsbruk med kultur prioriterast		Sosial berekraft  Økonomisk berekraft  Miljømessig berekraft	2023	Ullensvang Kommune
Biblioteket skal vera ein relevant, tilgjengelig og inkluderande møteplass, kulturarena og kunnskapsbeite	Hovudbiblioteket må vera ope alle kvardagar, også i feriar.  Det må vera ressursar til å ha arrangement og til aktuelle innkjøp i alle avdelingar	Sosial berekraft	2023	Ullensvang kommune/bibliotek
Utvikling av kulturhus med regionale funksjonar	Lindehuset skal vidareutviklast som kulturhus  Støtta opp om Kraftmuseet sitt arbeid om å fremma	Miljømessig berekraft	2023	Kraftmuseet/ Ullensvang kommune



	prosjektet mot fylke og stat	Miljømessig berekraft Sosial berekraft Økonomisk berekraft		Ullensvang kommune
Utvikla møteplassar med fleirbruk	Planlegga fleirbruks-funksjonar i aktivitetsparkar og idrettshallar  Dagsturhyttene som kulturarena og møteplass	Miljømessig berekraft Sosial berekraft Økonomisk berekraft	2023	Ullensvang kommune,KNS
Utvikla folkabadet i Odda	Utvikla folkabadet i tråd med tidlegare planar om utandørsbasseng. Etablere opningstider for folkabadet i tråd med tidlegare budsjettvedtak og brukarame some ynskje. Utvikla ein prisstruktur for bruk av folkabadet som gjer det attraktivt å nytte tilbodet.	Sosial berekraft Økonomisk berekraft	2023	Ullensvang kommune



Smelteverket representerer unike arenaer for kulturopplevingar. Odda Storband i Lindehuset.

**Foto: Litteratursymposiet**



## 6.0 Kulturarv og tradisjon



*Røldal Stavkyrkje med det undergjerande krusifikset er eit kulturelt fyrtårn i kommunen.*

**Foto: Skarv Studio**

### 6.1 Innleiing

Ullensvang kommune er ei unik og mangfaldig skattekasse av verdfull kulturarv og tradisjonar. Kulturarven er ein viktig del av vårt felles medvit. Å ta godt vare på den, er essensielt for å hugse kven vi er, kven vi har vore og kor vi skal. Ullensvang er særst rik på kulturminne over eit breitt spekter frå jernalder, via middelalder til den industrielle revolusjonen. Frå tekniske installasjonar til immaterielle kulturverdiar som bunad og hardingfele. Arbeid med kulturarven og vidareføring av kunnskap og tradisjonar, vil vera oppgåver som må delast på både private, frivillige organisasjonar, museum og det offentlege på kommunalt, fylkeskommunalt og nasjonalt nivå.

I Ullensvang sin kommuneplan, samfunnsdel, er det understreka at kulturminneforvaltninga må skje i nært samarbeid med musea, som har kompetanse og personale. Kommunen si rolle er då ikkje minst som samarbeidspart og bidragsytar i drifta av institusjonane.

Kulturminnearbeidet skal òg byggja på målsetjingar og prioriteringar frå fylke og stat. Denne planen vil handsama problemstillingar rundt forvaltning av kulturarv og tradisjon på eit overordna nivå, ettersom me òg skal laga ein kulturminneplan for heile Ullensvang kommune i nær framtid.



## 6.2 Status

Ullensvang kommune er som nemnt rik på kulturarv og tradisjonar, og me har solide og dyktige institusjonar som tek stort ansvar for ulike deler av kulturarva; Hardanger og Voss museum, med avdelingane Hardanger Folkemuseum, Agatunet og Skredhaugen, og Kraftmuseet i Tyssedal og Odda

Hardanger Folkemuseum har fokus på bunadstradisjonar, byggeskikk, handverkstradisjonar og folkemusikk, særleg hardingfele. Dei arbeider med bevaring og samlingsutvikling, tradisjonsformidling, kurs i handverkstradisjonar både knytt til bygg og til bunad og kunstutstillingar, gjerne i samarbeid med lokale venelag som Hardanger kunstlag på Aga og venelaget på Skredhaugen.

Agatunet er særst viktig som kulturmiljø med sterke røter i mellomalderhistorie, rettshistorie og jordskifte, men er også eit svært relevant og levande tun der viktige handverkstradisjonar vert halde i hevd, nyskapande utstillingar vert presentert, og der det alltid er ei oppleving å koma som besøkande. Agatunet er ei sjølvstendig stifting som har eigen samarbeidsavtale med HVM, men felles leiar med Hardanger Folkemuseum.

Eit anna viktige kulturminnemiljø i kommunen er Herand med sitt heilt særprega kulturlandskap, Kulturhistorisk senter, ei utstilling som viser utviklinga av kulturlandskapet gjennom 9000 år og einast restaurerte oppgangssaga i kommunen, som er del av HVM.

Kraftmuseet i Tyssedal fortel historia om vasskrafta, industrioppbygginga og samfunnet kring denne. Museet forvaltar den freda kraftstasjonen Tyssø 1 med tilhøyrande freda bygg og installasjonar i Tyssedal, på Lilletopp og arbeiderboligane på Bakka i Odda. Kraftmuseet har òg ansvar for drift og utvikling av Lindehuset på vegne av eigar Ullensvang kommune.

Kraftmuseet formidlar historia som er knytt til elektrisitet, kraftkrevjande industri og industristaden, og den gjeld mennesket i heim, på arbeidsplassen og elles i samfunnet.

Arkiv er også ei viktig del av kulturarva, og bevaring av privatarkiv er viktig for å sikre ein heilskapleg samfunnsdokumentasjon. Her har Industriarkivet som del av Kraftmuseet ei svært viktig rolle.

Ullensvang kommune gir driftstilskot til desse musea ut frå tidlegare avtalar som var etablerte i dei gamle kommunane.

Ullensvang kommune har ansvar for 2 bygdemuseum: Røldal bygdemuseum og Viketunet i Jondal. Desse bygdemusea vert forvalta litt ulikt, ut frå gamle avtalar, men har begge lokale styre som har driftsansvar. Ullensvang kommune har òg fått på plass ein samarbeidsavtale om kjøp av tenester knytt til konservator og utstillingsutvikling frå HVM.

Røldal stavkyrkje og pilegrimstradisjonen knytt til det undergjerande krusifikset, er òg eit fyrtårn innan kulturarv i kommunen. Etablering av prestegarden som kultur- og pilegrimsgard er ein viktig milepæl i arbeidet rundt formidling av unik kulturhistorie.



Ullensvang gir òg fast driftstilskot til stiftinga Hesthamar Skrivargard

Ullensvang kommune har finansiert fleire bygdebokprosjekt, og framleis er allmennsoga for Odda under arbeid, med intensjon om at den skal ferdigstillast i 2023

Kva er styrkar og kva er utfordringar på feltet?

Me har ein stor rikdom av ulike kulturminne og kulturmiljø av nasjonal og internasjonal interesse, me har profesjonelle miljø rundt musea våre, og me har innovasjon og samskaping mellom næring, reiseliv og kulturmiljø i kommunen.

På andre sida er det utfordrande at me ikkje har avsett kommunal personalressurs til kulturminneforvaltning, og har heller ikkje budsjetterte midlar til kulturminnevern. I tillegg er arbeidet rundt kulturarv og kulturmiljø svært avhengig av frivillig dugnadsinnsats, noko som gjer oss sårbare dersom dette grunnlaget forvitrar.

### 6.3 Hovudmål Kulturarv og tradisjon

**Ullensvang kommune vil i samarbeid med private, frivillige organisasjonar, museum, fylke og stat sørge for bevaring, forvaltning og formidling av kulturarv og tradisjon slik at viktig historie ikkje går tapt, men kan skapa tilhøyre, fellesskap og identitet.**

Strategi	Tiltak	Berekraftsmål	Oppstart	Ansvar
Styrka musea sitt arbeid	Vurdera/ harmonisera driftstilskot museum  Stimulera til bruk av musea som attraktive kulturarenaer og møteplassar	økonomisk/ sosial berekraft	2023	Ullensvang kommune, KNS
Få oversikt over kulturminne/kultur-miljø i kommunen	Oppstart kulturminneplan  Registrera kulturminne i kommunal database saman med kunst	Økonomisk berekraft	2023	KNS
Identitetsbygging barn/unge	Utvikling av Nøringen til ein overgangspakke til bruk overgang barnehage/skule	Sosial berekraft	Pågåande	Kultur/ Oppvekst/ Museum
Godt samarbeid kommune/museum	Faste samarbeidsmøter med HVM og Kraftmuseet, som ligg på årshjulet	Økonomisk berekraft	2023	Ullensvang kommune v/kultur og idrettssjef
Formidling og deltaking i kulturarv og tradisjonsarbeid	Nært samarbeid mellom museum/oppvekst/ kultur	Økonomisk/ sosial berekraft	2023	Ullensvang kommune v/ oppvekst og kultur



	<p>Jobba for desentralisert distrikts-musikarordning</p> <p>Støtta folke-musikksatsinga/ hardingfela.no</p>			
Vidare forvaltning og utvikling av Smelteverkstomta, med tilhøyrande bygg og uteareal	Nært samarbeid med Riksantikvar, fylkeskonservator og private næringsinteresser	Økonomisk/miljømessig berekraft	2023	Ullensvang kommune
Tettare oppfølging / forvaltning av bygdemuseum og lokale kulturminne/kulturmiljø	<p>Støtta opp om etableringa Stiftinga Røldal kultur og pilegrimsgard</p> <p>Plan for Viketunet bygdemuseum/ Røldal bygdemuseum</p> <p>Faste samarbeidsmøte med styra i dei lokale musea</p> <p>Støtta opp om arbeidet med Hesthamar Skrivargard</p>	Økonomisk, sosial og miljømessig berekraft	2023  2023/24	Ullensvang kommune, Museumsstyre
Bevare og styrke jakt- og fisketradisjonane i kommunen.	Etablere fleire rekruteringsarenaer med eit spesielt fokus på born og unge.	Sosial berekraft	2023	Ullensvang kommune



*Tradisjonen med jonsokbrudlaup er unik immateriell kulturarv av internasjonal interesse.*

**Foto: Mette Bleken**



## 7.0 Den kulturelle grunnmuren



*Den kulturelle grunnmuren kan lyfta oss inn i rike kulturmøte kor me enn er. Her frå Sirkus Peer ved dramagruppa Jondal. Foto: Hordaland Folkeblad*

### 7.1 Innleiing

I 2013 viste Kulturutredningen at den kulturelle grunnmuren med bibliotek, kulturskule, kulturarbeid for barn og unge, og frivilligheit var forsømt i kommunane i forhold til anna type kulturell satsing. Det er derfor sterkt vektlagt i sentrale kulturplanar, at den kulturelle grunnmuren skal prioriterast i kulturarbeidet i kommunane. Delar av dette feltet er også lovpålagt, som bibliotek og kulturskule.

Ullensvang kommune kan visa til solid ressursbruk på den kulturelle grunnmuren, men opplever likevel utfordringar i form av nedgang i deltaking og rekruttering. Dette vert teke på alvor, og fleire utviklingsområde og pilotprosjekt er undervegs.

Ullensvang kommune vil ha eit ekstra fokus på kultur og aktiviteter for barn og unge i denne perioden, både i organiserte og i uorganisert form.

### 7.2 Ullensvang kulturskule

Ullensvang kulturskule er ein av pilarane i Den kulturelle grunnmuren. Før kommunesamanslåinga var eit faktum, hadde kommunane Jondal, Ullensvang og Odda





fått rike og mangfoldige erfaringar gjennom si kulturskuledrift, og Odda kunne i så måte skilta med å vera den 2. eldste musikkskulen i Norge, stifta 1. januar 1953. Kulturskulen sitt samfunnsoppdrag er forankra i Opplæringslova paragraf §13-6. «Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skoleverket og kulturlivet elles.» (1997)

I kulturskulane sin rammeplan “Mangfald og fordypning” er det gitt føringar for eit breidt og omfangsrikt samfunnsoppdrag.

Kulturskulen skal gi opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle barn og unge som ønsker det. Føremålet med opplæringa er å læra, oppleva, skapa og formidla kulturelle og kunstnariske uttrykk. Opplæringa skal bidra til barn og unge si danning, fremma respekt for andre sitt kulturelle tilhøyre, gi eit medvite forhold til eigen identitet, samt bli kritisk reflekterande og utvikla eigen livskompetanse. Kulturskulen skal òg vera eit lokalt ressurscenter og ein samarbeidande aktør i grunnopplæringa og kulturlivet i den enkelte kommune.

I Ullensvang kulturskule sine lokale vedtekter vert det presisert at målgruppa for kulturskulen sitt arbeide er aldersgruppa 0 - 100. Med andre ord eit kulturelt ressurscenter for alle.

## 7.21 Status

I 2022 har Ullensvang kulturskule snaut 350 elevplassar fordelt på 280 elevar. I tillegg blir det drifta tenester gjennom sal av instruksjonstenester til kor/korps, samt ulike prosjektsamarbeid med barnehagar, grunnskule og helseinstitusjonar. Dette vil seia at kulturskulen når ut til ca. 600-650 brukarar pr. år.

Dei musikkrelaterte disiplinane utgjer ca. 90% av drifta. Det er stor interesse for visuelle kunsthøgskule og teaterfag. Pr. i dag finst det ikkje faste tilbod innan skapande skriving og dans. Det vil vera naturleg å vektlegga utvikling av desse fire fagområda i tida framover.

Det er stadig tilfang av nye elevar til kulturskulen. Ein ser likevel tydelege teikn på at elevane gjennomfører færre “læreår” no enn tidlegare, noko som kan gi mindre nytteeffekt av læringsinnsatsen. Dette påverkar berekrafta i det frivillige kulturlivet i kommunen.

Auka deltaking og aktivitet er viktige arbeidsområde framover.

Ullensvang kulturskule er i 2021/2022 deltakar i pilotprosjektet “Fremtidens kulturskole”. Dette prosjektet set søkelyset på m.a. deltaking og aktivitet. Gjennom samhandling og samskaping med framtidige brukarar og andre kommunale tenester, håper ein nettopp å kunne stimulera til nye framtidretta tiltak og auka deltaking.

Økonomi og deltaking er knytt til kvarandre. Det er viktig å finna eit godt og tilpassa nivå på inntektsgrunnlaget. Ullensvang kommune bør vurderer/justera nivået, samt vurderer om gratis kulturskule totalt sett gir størst gevinst.





## 7.22 Hovudmål kulturskulen

- **Ullensvang kulturskule vil jobba for auka rekruttering og deltaking i alle aldrar og vidare prioritera desentralisert undervisning. Gjennom pilotprosjektet “Fremtidens kulturskole” vert det arbeid med gode samskapingsmodellar inn mot oppvekst og helse/omsorgssektoren**
- **Fagområde innan kunstfag, skapande skrivning, drama og dans skal prioriterast**
- **Dekningsprosent blant elevar i grunnskulealder skal aukast**

Strategi	Tiltak	Berekriftsmål	Oppstart	Ansvar
Syta for god informasjon og synleggjering av tilbod	Foreiningsportalen Rekrutteringstiltak	Sosial berekraft	Pågåande	Kulturskulen
Jobba for auka rekruttering	Utviklingsprosjekta i “Framtidens kulturskule”. Vera synleg i lokalmiljøet Nye tilbod, dans, teater	Sosial/ økonomisk berekraft	Pågåande	Kulturskulen, Oppvekst, Helse og omsorg Frivilligsentralen
Levande kulturskule i heile kommunen	Ivareta desentralisert undervisningsmodell	Sosial berekraft	Pågåande	Kulturskulen Ullensvang kommune
Fremma ein tilpassa inntektsmodell	Gratis kulturskule for 8-10-åringar	Sosial berekraft	2023	Ullensvang kommune
Jobba for mangfald i kunstuttrykk	Utviding av fagtilbodet med prioritering av teater, dans og visuelle kunstfag.	Sosial berekraft	2023	Kulturskulen
Prosjektstruktur Økonomi	Gjennomføra fleire utviklingsprosjekt i pilotprosjektet “Fremtidens kulturskole”	Sosial berekraft	Pågåande	Kulturskulen, Oppvekst, Helse og omsorg, Frivilligsentralen



## 7.3 Ullensvang bibliotek



Fornøyeleg litterær terapitime i Hardangersamlinga, Odda bibliotek. **Foto: Litteratursymposiet**

### 7.31 Innleiing

Biblioteket er ein av våre viktigaste og mest nytta kultur- og kunnskapsinstitusjonar, og formålet er forankra i Lov for folkebibliotek §1:

*Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet.*

*Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.*

*Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet.*

*Bibliotekenes innhold og tjenester skal gjøres kjent.*

*Folkebibliotekene er ledd i et nasjonalt biblioteksystem.*

### 7.32 Status

Ullensvang bibliotek består i dag av hovudbiblioteket i Odda, og avdelingar i Kinsarvik, Jondal og på Utne. I tillegg har biblioteket utlånsstasjonar på Lofthus og i Skare.

Biblioteka har 5,8 årsverk fordelt på åtte tilsette.





Biblioteka i Kinsarvik og på Utne har eit tett samarbeid med somme av skulebiblioteka, og fire skular kjøper bibliotektenester frå Ullensvangbiblioteka. Biblioteket i Jondal er det einaste kombinasjonsbiblioteket i kommunen, ei ordning som vart vidareført frå tida før kommunesamanslåinga.

Ullensvangbiblioteka er alle sentralt plasserte på stadane dei er, og biblioteka i Kinsarvik og Jondal fekk nye lokaler i henholdsvis 2021 og 2020.

Biblioteket i Odda vart samlokalisert med kommunen sitt innbyggjartorg i 2021, og dei to tenestene deler lokale, men har kvar sine skrankeområde. Biblioteket i Kinsarvik deler skrankeområde med Innbyggjarservice.

Ullensvangbiblioteka ynskjer å bygga vidare på sterke og stolte tradisjonar for bibliotekdrift tufta på demokratiske ideal. Biblioteka skal vera møteplass, kulturarena og kunnskapsbeite, og eit inkluderande lågterskeltilbod der alle er velkomne inn. Eit særskild fokus for biblioteka er aktivitetar som fremmar leseglede og -kompetanse blant brukarane. Barn i skulealder er ei viktig fokusgruppe, men me har òg mål om livslang læring for alle aldersgrupper.

Bibliotek er oppfatta av dei fleste kulturar som ein nøytral møteplass, og har som mål å vera ein inkluderande og attraktiv arena både for minoritetsspråklege, tilflyttarar og fastbuande. Her skal det vera råd å få hjelp og rettleiing, låna media og gå på språkkurs.

Pandemien har lært oss at nye brukargrupper tek biblioteklokala i bruk. Biblioteka har opplevd ei markant auke i etterspurnaden frå studentar og andre som treng rom for å delta på t.d. nettseminar, møte, eller andre typar nettaktivitet. Og med andre stengte arenaer for organiserte aktivitetar, kom trongen for ein trygg stad med nye aktivitetar som t.d. brettspel, høgtlesing og handarbeid.

Ullensvangbiblioteka har som mål å kunne møta og serva desse gruppene på ein god måte, og å kunna tilby aktivitetar for dei som fell utanfor dei meir tradisjonelle fritidsaktivitetane. Med ulike arrangement som teaterframsyning, kåseri, forfattarprat, bokpresentasjonar, skrivekurs, språkkafé, m.m., vil ein kunne tilby kulturtilbod for dei eller fleste.

Ullensvangbiblioteka ynskjer å samarbeida og jobba tett med andre bibliotek. Me er difor aktive deltakarar i interkommunale prosjekt og prosjekt i samarbeid med Vestland fylke.

Ullensvangbiblioteka er òg ein forvaltar av lokal kulturarv. Gjennom kunst frå lokale kunstnarar og vedlikehald og utvikling av ei omfattande samling av lokal litteratur og musikk, er biblioteka med på å forvalta kulturuttrykk til komande generasjonar.

### 7.33 Hovudmålsetjing Ullensvang bibliotek

- **Ullensvangbiblioteka har som mål å skjøtta det lovpålagte samfunnsoppdraget på best mogleg måte**
- **Ullensvangbiblioteka skal vera tilgjengeleg, utviklingsretta, og vil ha brukaren i sentrum med relevante tenester, lokale og arrangement**





Strategi	Tiltak	Berekraftsmål	Oppstart	Ansvar
Styrka biblioteka som kulturell møteplass	Kulturarrangement på brei basis, gjerne i samarbeid med andre.  Tilbod retta mot flyktningar Auka samarbeid med vaksenopplæring og frivilligheit  Vidareføra satsinga på Odda som litteraturby, med nært samarbeid med Litteratursymposiet, Jernrosa og Sentralbadet litteraturhus	Sosial berekraft  Økonomisk berekraft	Våren 2022	Biblioteka Vaksen opplæringa Frivilligsentralen Eksterne utøvarar
Auka innbyggjarane sin informasjonskompetanse	Jamlege/årlege kurs i informasjonssøk, kjeldekritikk, o.l. Kurs i korleis finna fram i offentleg informasjon på nett.	Sosial/økonomisk berekraft	Hausten 2022	Biblioteka Frivillige lag og organisasjonar
Utvida opningstider	Innføra meirope bibliotek i Jondal	Sosial berekraft	2023	Kommunestyret Biblioteka
Utvikla regionalt samarbeid	Delta aktivt i Biblioteksamarbeid Hardanger	Sosial/økonomisk berekraft	2022, pågåande	Biblioteka Kringliggande bibliotek
Samlingsutvikling	Aktivt arbeida for å gjera samlingane oppdaterte, aktuelle og mangfaldige	Økonomisk berekraft	2022 (kontinuerleg)	Biblioteka
Fritidstilbod	Tilby barn og ungdom ein stad å vera, samt spel, litteratur, eller høve for kreativ aktivitet	Sosial berekraft	2022 (kontinuerleg)	Biblioteka Frivillige lag og organisasjonar
Aktiv kulturformidling	Samarbeida med skulane/barnehagane for å fremja leselede, litteratur og kultur gjennom formidling, leseaksjonar og arrangement	Sosial berekraft	Hausten 2022	Biblioteka Skule/barnehage
Berekraft	Fokus på berekraft: avfallshandtering, årleg klimaturne, årlege arr. om klima/miljø. Lesesirklar knytta til måla?	Miljømessig berekraft	2023	Biblioteka Frivillige lag og organisasjonar Eksterne foredragshaldarar



## 8.0 Fyrtårnsatsing, kunstproduksjon og verdiskaping



*Stemningsfull stund mellom fjord og fjell når Hardanger Musikkfest har programslepp på dagsturhytta Hovdakruno. Foto: Øystein Haara*

### 8.1 Innleiing

Kommuneplanens samfunnsdel har ambisiøse mål for kultur og friluftsliv i Ullensvang:

- *I Ullensvang er friluftsliv, mat og kultur verdskjent*
- *Ullensvang har alle moglege fortrinn til å vera ein leiande kulturkommune:*

*Eit rikt organisasjonsliv, nasjonale kulturminne, ein sterk kulturell identitet og festivalar innan ulike sjangrar. Vi skal dyrka og framheva dette særpreget og løfta fram fyrtårna*

Denne målsetjinga betyr at Ullensvang Kommune både skal vera ein aktiv tilretteleggjar for ein solid kulturell grunnmur med mangfald, breidde og deltaking i heile livsløpet, i heile kommunen, og me skal ha ambisjon om å vera leiande på utvalde område.

Kva skal me vera leiande på?

Korleis skal me bli leiande?



## 8.2 Status

Det er rikdommen i natur, kultur og tradisjon som peikar seg ut som særleg fortrinn for Ullensvang kommune. Ambisjonen om å vera friluftshovudstad er forankra i mangfaldet av landskapstypar, to nasjonalparkar med heilt ulike særpreg, kulturlandskap av nasjonal interesse både inst i Sørfjorden med kraft- og industrilandskapet Lenger ute er det fruktdyrkarlandskapet som pregar fjordsidene frå fjord til fjell, fossedalen, brelandskapet og den særprega naturen ut mot Herand og Jondal, der fjorden opnar seg. Naturattraksjonane trekker folk frå heile verda. Fruktproduksjonen, no med ein veksande siderproduksjon som både er sterkt forankra i tradisjon og kulturhistorie og framoverlent og innovativ, er også i verdsklassen. Kulturminna våre representerer også fyrtårn av både nasjonal og internasjonal interesse. Me har både unik middelalderkultur med stavkyrkja i Røldal, klyngetunet og lagmannssetet på Aga og steinkyrkja i Kinsarvik, og me har markante og spektakulære tekniske, industrielle kulturminne knytt til kraft og industriproduksjon

Dessutan er den immaterielle kulturarva med bunad, hardangersaum, jonsokbryllaup, hardingfela og folkedans av både nasjonal og internasjonal potensiale.

## 8.3 Fyrtårnsatsing

### Kva er eit kulturelt fyrtårn?

Eit kulturområde, kulturminne, arrangement/festival eller institusjon

- av nasjonal/internasjonal interesse og nedslagsfelt
- som får støtte/tilskot frå nasjonale/fylkeskommunale tilskotsordningar
- som er nyskapande og innovativ i kulturproduksjon på sitt felt
- som trekker til seg eit betydeleg publikum lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt
- som har verdi for lokal verdiskaping og næring
- som er omdømebyggjar og set Ullensvang kommune på kartet

I dette ligg ein aksept for at nokon skal prioriterast framfor andre når dei kommunale midlane skal fordelast. Samtidig kan kommunen òg gje tilskot til andre arrangørar, særleg til nyskapande utviklingsarbeid, arrangement med særleg fokus på inkludering, og der målgruppa er barn og unge.

Det er verdt å merka seg at ulike fyrtårnarrangement kan handsamast ulikt når det kjem til økonomisk støtte ut frå kriteriene:

- Kommersielt potensiale/betalingsvilje i marknaden
- Grad av innovasjon/eigenproduksjon
- Målgrupper. Arrangement med fokus på inkludering, mangfald og barn og unge som målgruppe blir prioritert.
- Geografisk nedslagsfelt

### Fyrtårnsatsing kultur 2022-2026:

- Mellomalderhistorie med Agatunet, Røldal stavkyrkje/pilegrimstradisjonen og Kinsarvik kyrkje/vikinghistorie i sentrum





- Folketradisjon med hardingfele, folkedans og bunadstradisjonar
- Industri og krafthistorie, tekniske industrielle kulturminne i Tyssedal og på Smelteverkstomta
- Odda som litterær by med Litteratursymposiet, bibliotek og litteraturhus
- Hardanger Musikkfest og anna innovativ musikksatsing
- Fjordlandskapet som fellesnemnar for dei samanstilte kulturopplevingane rundt natur, kulturlandskap, kulturmiljø, tradisjon, og frukt og siderproduksjon
- Ullensvang kommune som attraktiv film- og serielokasjon

## 8.4 Kulturell verdiskaping



*Festmiddag under Hardanger Internasjonale Siderfest i Tyssø 1. Foto: Kristoffer Hylland*

### 8.4.1 Innleiing

Kulturell verdiskaping kan skje på fleire måtar:

- Gjennom det som vert definert som kulturelle og kreative næringar som profesjonell kulturproduksjon, arkitekt/grafisk bransje, museum, media og opplevingsindustri
- Verdiskaping som sideeffekt av festivalar, kulturarrangement og kulturinstitusjonar
- Som indirekte verdiskaping gjennom tilhøyre, trivnad og folkehelse, og omdømmebygging som gir attraktivitet og vekst til ein kommune

Desse kategoriane vil overlappa og påverka kvarandre gjensidig.





## 8.42 Status

Det er ikkje tvil om at kulturopplevingar, fellesskap, omdømme og forankring i tradisjon, historie og identitet påverkar trivnad og det å høyra til der me bur. Dette er kanskje den største verdien knytt til kultur. Men for at dette skal kunne skje, må samfunnet òg leggja til rette for at delar av kulturen skal kunne skapa økonomiske verdiar. Siderproduksjonen knytt til fruktgardane er eit stjerneeksempel på korleis ein har kombinert tradisjon, kultur og natur med innovativ og framtidretta satsing, og skapt eit produkt som verda vil ha.

Dei store festivalane i kommunen vår gjev òg ei verdiskaping som går langt utover inntektene som kjem inn på billetsal. Både Blueshelga og Litteratursymposiet i Odda, Morellfestivalen på Lofthus, Røldalsmarknaden og landsbydagane i Jondal, Hardanger musikkfest og Siderfesten er døme på arrangement som fører til stort besøk med overnatting og meir sal i butikkar og restaurantar. Dei siste åra har òg store film- og serieproduksjonar i nasjonal og internasjonal regi heilt klart gitt verdiskaping og grunnlag for næring i kommunen vår, og dette har truleg eit stort potensiale, også vidare. Det er òg eit uttalt ynskje at kommunen skal vera raus og imøtekomande i forhold til at kulturarbeidarar og kunstnarar kan etablera seg og arbeida her, fordi me veit at dette vil gi positive synergjar og påverka vidare utvikling innan eit allsidig og spennande kulturliv.

## 8.5 Hovudmål fyrtårnsatsing og kulturell verdiskaping

- **Ullensvang kommune skal løfta fram dei kulturelle fyrtårna våre og vera ein aktiv tilretteleggjar og samarbeidspart for kulturell næring og verdiskaping**
- **Ullensvang kommune skal leggja til rette for eit rikt og allsidig utval av kulturarrangement og festivalar i heile kommunen**


Strategi	Tiltak	Berekraft	Oppstart	Ansvar
Fyrtårnsatsing innan kultur, næring og friluftsliv	Nær kontakt og samarbeid mellom kommune og aktuelle aktørar	Sosial/ økonomisk og miljømessig berekraft	2023, pågåande	Ullensvang kommune/ kulturaktørar
Styrka allsidigheit i kunst og kulturproduksjon	Kjøpa tenestar og produksjonar  Tilby lokale til øving og produksjon	Sosial/ økonomisk berekraft	2023, pågåande	Ullensvang kommune
Odda som litteraturby	Vidareføra satsinga på Litteratursymposiet, og støtta Jernrosa politiske litteraturfestval i nært samarbeid med Litteraturhus og bibliotek	Sosial/ økonomisk berekraft	Pågåande	Ullensvang kommune
Musikk for livet	Vidareføra satsinga på Hardanger musikkfest og støtta opp om eit relevant og allsidig musikktilbod i mange sjangrar	Sosial/ økonomisk berekraft	2023, pågåande	Kulturskulen/ helse og omsorg
Kulturminne og tradisjon	Fremma arbeid med	Sosial/	2023-2024	Ullensvang



<p>som fyrtårn i samfunnsutviklinga</p>	<p>middelalder-klynge Fremma satsinga på folkemusikk og tradisjonshandverk</p> <p>Kommunen som aktiv støttespelar for sidernæringa</p>	<p>økonomisk berekraft</p>		<p>kommune og dei ulike musea og institusjonane</p>
<p>Attraktiv lokasjon for film og serieproduksjon</p>	<p>Kommunen som velvillig samarbeidspart og tilretteleggjar</p> <p>Laga retningsliner for praksis</p>	<p>Økonomisk berekraft</p>	<p>2023, pågåande</p>	<p>Ullensvang kommune</p>



## 9.0 Kunstfeltet



**Lars Korff Lofthus 2013:**  
*“Sjølvpportrett(visste du korleis eg leid, forsto du kvifor eg var hard)Litografi og akryl på papir.”*

### 9.1 Innleiing

Kunst og kultur blir ofte brukt om kvarandre, men me kan kanskje seia at ulike kunstuttrykk er foredla kultur, som sider er foredla frukt.

Stortingsmelding 8, Kulturens kraft om kunstomgrepet:

*Kunsten tilbyr menneska oppleving og erkjenning. Ulike uttrykk, sjangrar, kunstsyn og tradisjonar må få rom til å brytast mot kvarandre for å sikre kunstnarisk utvikling. Dette er sentralt for nyskaping og innovasjon og for at kunsten kan halde fram med å*



overraske og kritisere. Kunstpolitikken må derfor leggje til rette for både stabilitet, fleksibilitet og fornying på alle kunstfelt.

*For å sikre kunstens plass som eit gode i samfunnet må det leggjast til rette for produksjon, formidling og tilgjenge over heile landet. For at samfunnet til kvar tid skal ha eit rikt, mangfaldig og vitalt kunstliv, trengst det verkemiddel som søkbare tilskotsordningar, føreseieleg forvaltning og ein stabil infrastruktur av institusjonar for produksjon og visning.*

## 9.2 Status

Når me brukar kunst som omgrep, tenkjer me gjerne på visuell kunst, på musikalske uttrykk, på litteratur og på dans som kunstform. Og me tenkjer gjerne kvalitet og profesjonalitet, men amatørkunsten er òg ein viktig del av det frivillige feltet.

### 9.2.1 Den profesjonelle kunsten

Ullensvang har fleire svært aktuelle og markante profesjonelle kunstnarar busette i kommunen, og me har fleire kunstnarar med sterk tilknytning til kommunen som er sentrale og tidsaktuelle innan sine kunstformer, noko som skaper merksemd og gir inspirasjon. Dei fleste av desse kunstnarane er organisert i Harding Puls, som er ein tverrfagleg kunstnarorganisasjon med omlag 70 medlemmer frå alle Hardangerkommunane. Harding Puls er ein viktig kunstaktør både inn mot kunstnarane og ut mot publikum og samfunnet og har gjennomført svært mange store kunstprosjekt i Hardanger, t.d. Kunst i landskap-prosjektet "Mellom himmel og Fjord, SJÅ" og "OddArt" i Odda.

#### Visuell kunst

I brukarundersøkinga kjem det fram at mange saknar gode visningsstader for visuell kunst, noko me lenge har hatt på agendaen utan å greia å finna ei fullgod løysing. Likevel er det periodevis råd å oppleva visuell kunst rundt omkring i heile kommunen, både ved profesjonelle kunstnarar og ved amatørkunstnarar på ulike galleri og institusjonar:

- Sentralbadet litteraturhus, Odda
- Nyland galleri, Odda
- Agatunet sommarutstilling
- Hardanger Folkemuseum, sommarutstilling
- Skredhaugen, sommarutstilling
- Lindehuset, sommarutstilling
- Hardanger kunstgalleri, Mælen Herand
- Ulike kunstprosjekt/utstillingar i regi av Harding Puls
- På festivalar som Hardanger Musikkfest og Litteratursymposiet

Ullensvang kommune eig mykje kunst, både bilete og skulpturar. Odda bibliotek har t.d. ei stor grafikksamling som er til utlån for alle, både private og institusjonar. Delar av denne samlinga er registrert. Samlinga frå Ullensvang herad er registrert. Det er vedtatt at all kunst skal registrerast i ein felles kommunal database.

#### Litteratur, musikk, teater og dans





Det er svært gode høve til å oppleve kunst av høg kvalitet innan litteratur og musikk i Ullensvang, ettersom me har fyrtårnsatsingar og eigne institusjonar som gjer eit storarta arbeid. Når det kjem til fyrtårnsfestivalane, vil det ofte vera mogleg å oppleve kunst i mange ulike sjangrar og uttrykk, inkludert dans og drama, også for barn og unge.

Når innbyggjarane våre vert spurte om kva dei saknar i kulturlivet i Ullensvang, er det teater som toppar lista. Dette er naturleg, ettersom me ikkje har god nok scene til Riksteater og det ofte er dyrt og ressurskrevjande å ta imot teater. Det er svært gledeleg at Ullensvang kommune no er offisielt opna som spelestad for Teater Vestland, noko som vil gje oss større høve for å oppleve teater i eigen kommune. I tillegg er det eit satsingsområde at barn skal få oppleve teater av høg kvalitet, gjerne i regi av bibliotek/kino og DKS, og gjerne i samarbeid med barnehage/skule slik at tilbodet går til alle.



*Den historiske musikalen Albert og Leonie er eksempel på vellukka samarbeid mellom profesjonelle, dyktige amatører og lokale talent. Foto: Gelton Media*

## 9.22 Amatørkunsten

Det er eit uttalt mål innan kulturpolitikken at alle skal få sjansen til å vera deltakande og utøvande innan kunst og kultur. Derfor er det viktig at me òg har tilbod til dei som gjerne vil uttrykka seg kunstnerisk, anten det er gjennom musikk, dans, teater eller visuell kunst.



I Ullensvang er det fleire kunstlag der ein både er skapande og formidlar eigen og andre sin kunst gjennom utstillingar. Dette er viktige aktørar som fremmar både kunstkompetanse og formidling, fellesskap og deltaking.

Om du vil uttrykka deg musikalsk, er det fleire kor, korps, brassband, spelemannslag og private musikkaktørar som gjerne tek deg imot.

Og det er viktig at me har ein god kulturskule som er relevant og attraktiv. Ullensvang kulturskule har visjon om å vera livsløpsarena. Det vil seia at det er aldri er for seint å læra å spela fela, fløyte, ta songtimar eller læra seg andre kulturuttrykk, og no kan både små og store få opplæring både innan musikk, visuell kunst og drama.

Kulturskulen utgjør grunnmuren der alle kan få bli kjente og utvikla kunnskap og ferdigheter innan kunststartane, og mange tidlegare elevar i kulturskulen rundt omkring i Ullensvang er i dag profesjonelle utøvarar.

### Hovudmål kunstfeltet

- I Ullensvang kommune skal alle ha høve til å ta del i kunst og kulturopplevingar av høg kvalitet
- I Ullensvang kommune skal alle ha høve til å vera deltakande og utvikla ferdigheter og kompetanse i kunst og kulturaktiviteter

Strategi	Tiltak	Berekraft	Oppstart	Ansvar
Synleggjering av kunst i kommunen	Registera og formidla i Norsk kunstdatabase: visuell kunst, skulpturer og kulturminne	Sosial berekraft	2023	Ullensvang kommune/KNS
Fremma profesjonell kunst og kulturproduksjon	Kommunale tilskot til utviklingsarbeid innan kunst og kultur  Bruka profesjonelle kunstnarar til t.d. konsertar, utstillingar, litterære arrangement til både vaksne og barn  Støtta kunst organisasjonar og kunstnartiltak, t.d. Hardingpuls og Berlinleilighet	Sosial/økonomisk berekraft	2023, pågåande	Ullensvang kommune, KNS
Fremma og utvikla kulturarener	Utvikla Lindehuset til allsidig kulturhus og Knud Knudsen visningssenter i samarbeid med Kraftmuseet  Gje tilskot til allsidige	Sosial berekraft/miljømessig berekraft	2023	Ullensvang kommune



	kulturarenaer for kunst og kulturformidling			
Ha fokus på kunstopplevingar i offentlig rom, inne og ute	<p>Vedta strategi for utsmykking av nye bygg i kommunal eige</p> <p>Setja av 0,4 % av investerings budsjettet</p> <p>Syta for vedlikehald og reparasjon av kunst i offentlig eige</p> <p>Setja ned ei utsmykkingsnemd</p>	<p>Sosial berekraft</p> <p>Miljømessig berekraft</p> <p>Økonomisk berekraft</p>	2023	Ullensvang kommune
Fremma deltaking i kunst og kulturproduksjon	Tilskotsordningar til den frivillige kultursektoren i heile kommunen Gode råmer og prioriteringar av DKS og DKSS	Sosial berekraft	2023, pågåande	Ullensvang kommune
Utvikla ferdigheter og auka kompetanse innan kunst og kultur	Kulturskulen som livsløpsarena skal gje tilbod til alle som ønsker å utvikla seg innan kunst og kultur i musikk, visuell kunst, teater og dans	Sosial berekraft	2023, pågåande	Kulturskulen



Fullt trøkk på Iris scene med både nasjonale og lokale stjerner. Foto: Hardanger Folkeblad